

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/9268-6

Omorganisering av Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg opp til ei omorganisering av Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) til samvirkeføretak. Omorganiseringa skal skje i 2019 og fylkeskommunen skal stifte medlemskap i samvirkeføretaket. OKOS sine opparbeidde verdiar og aktiva skal overførast til det nye samvirkeføretaket.
2. Fylkestinget gjev fylkesutvalet fullmakt til å godkjenne det seinare stiftingsdokumentet for samvirket, inkludert forslag til vedtekter.

Vedlegg:

1. Styrevedtak framtidig organisering av OKOS (datert 13.3.2019)
2. OKOS Sogn og Fjordane – tilråding om omorganisering (notat datert 10.12.2018)
3. Opplæringskontoret offentlig sektor – Orientering om framlegg til ny organisasjonsform (notat til fylkesutvalet 31.5.2018).

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) vart i 1998 etablert og organisert som ein del av den fylkeskommunale verksemda, jf. kommunelova § 11. OKOS er eit tverrfagleg opplæringskontor som arbeider for at offentlig sektor skal vere ein attraktiv arbeidsplass. Opplæringskontoret støttar verksemdene i lærlingarbeidet, og i deira utvikling fram mot eit fagbrev. OKOS har det juridiske ansvaret for at opplæringa skjer i tråd med opplæringslova. I samarbeid med medlemsverksemdene har OKOS i løpet av dei siste 20 åra bidrege til at meir enn 700 kandidatar har fullført si fagopplæring.

I samband med framtidige endringar hjå medlemsverksemdene forårsaka av kommune- og regionreforma, og andre endringar i medlemsmassen forårsaka av endra behov, er det naturleg å sjå nærare på organiseringa av kontoret. Det er ønskjeleg med ei organisering som gjev dei ulike medlemsverksemdene eit felles ansvar for og ein større innverknad på den overordna drifta og styringa av opplæringskontoret.

I tillegg er det lagt til grunn i opplæringslova § 4-3 at opplæringskontor skal vere sjølvstendige rettssubjekt, som inngår kontrakt med lærlingane eller lære kandidatane. Dette er presisert i forarbeida til lova. Fylkesrådmannen har over tid vurdert omorganisering ut frå denne grunngevinga. Av omsyn til at den framtidige fylkes- og kommunestrukturen har vore uklar, og medlemsmassen i OKOS tilsvarande, har det vore tilbørleg å vente til dette var avklart.

Fylkeskommunen er i dag offentlig godkjennings- og tilskotsmynde, «vertskommune» for opplæringskontoret og læreverksemd på dette området. Ei utskiljing av opplæringskontoret vil også vere positivt for å unngå forvirring og mistydingar om fylkeskommunen sine ulike rollar på dette området.

Ei omorganisering av verksemda, vil også vere ein moglegheit for å sjå nærare på korleis OKOS i framtida skal kunne yte best moglege tenester til medlemene sine.

Fylkesutvalet fekk i møte 31. mai 2018 ei skriftleg orientering om ulike alternativ for ny organisasjonsform, jf. vedlegg 3. Fylkesrådmannen har sidan bistått styret i OKOS med å greie ut ulike organisasjonsformer og har tilrådd ei organisering som samvirkeføretak, jf. vedlegg 2. Eit samvirke skal m.a. bygge på prinsipp om frivillig og ope medlemskap, demokratisk medlemskontroll, økonomisk deltaking frå medlemene, sjølvstyre og handlefridom, utdanning, opplæring og informasjon, samfunnsansvar m.m. (sjå NOU 2002:6). Eit opplæringskontor vil passe naturleg inn i samvirkelova sin definisjon av samvirkeføretak og samverkeprinsippa nemnde over. Prinsippet om frivillig og ope medlemskap betyr at medlemene vil ha fleksibilitet med tanke på medlemskap.

For meir informasjon om dette, viser eg til notatet i vedlegg 2. For ei breiare utgreiing om ulike organisasjonsformer, viser eg til notatet til møtet i fylkesutvalet 31.5.2018, jf. vedlegg 3.

Dei siste åra er det etablert eigne tverrfaglege opplæringskontor i Indre Sogn og Indre Nordfjord. OKOS har derfor gått frå å vere eit fylkesdekkande opplæringskontor til å vere meir eit regionalt opplæringskontor med kjerneområdet sitt i Sunnfjord og Ytre Sogn.

Medlemsverksemdene i OKOS er per 26.3.2019 Askvoll kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Fjaler kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (no Fylkesmannen i Vestland), Førde kommune, Førde kyrkjelege fellesråd, Gaular kommune, Gulen kommune, Helse Førde, Hornindal kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Jølster kommune, Naustdal kommune, NAV Sogn og Fjordane (no NAV Vestland), Selje kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune (sentraladministrasjonen, Flora Vidaregåande skule, Hafstad Vidaregåande skule, Mo og Øyrane Vidaregåande skule, Måløy Vidaregåande skule og Sogndal vidaregåande skule), Solund kommune og Vik kommune.

Kommunane Balestrand, Hornindal og Selje skal ikkje vere medlem av OKOS etter 1.1.2020.

OKOS har fått positive attendemeldingar til ei organisering som samvirkeføretak frå kommunane Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Høyanger, Vik, Bremanger, Gulen, Hyllestad og Sogn og Fjordane fylkeskommune (desse kommunane og fylkeskommunen har over 70 % av alle lærlingane i OKOS). Kommunane Askvoll, Fjaler og Solund har ikkje gjeve attendemelding til spørsmålet om omorganisering.

Dei statlege medlemsverksemdene er ikkje kontakta i samband med omorganiseringa. Grunngevinga for dette er at ingen av dei statlege verksemdene har meir enn ein lærling. Helse Førde har per dags dato ingen lærlingar i OKOS, og vil i framtida gjennomføre si eiga lærlingordning.

Den 13.3.2019 vedtok styret i OKOS følgjande:

1. «Styret tilrår at Opplæringskontoret for offentlig sektor Sogn og Fjordane (OKOS) vert omorganisert frå å vere ein del av den fylkeskommunale verksemda, til å verte organisert som eit samvirkeføretak. Styret tilrår at omorganisering til samvirkeføretak vert gjennomført ved at OKOS sine opparbeidde verdier og aktiva vert vidareført i nytt føretak.
2. Styret ber om at Sogn og Fjordane fylkeskommune føretek naudsynnte vedtak og disposisjonar for gjennomføring av ei omorganisering av OKOS til samvirkeføretak.»

Ei stifting av samvirkeføretaket i 2019, før dei føreståande fylkeskommune- og kommunesamanslåingane, føreset at vedtektene opnar opp for overføring av medlemskap til dei nye samanslegne rettssubjekta. I utgangspunktet kan ikkje medlemskap i eit samvirkeføretak

overførast. Ved at vedtektene opnar opp for dette, er det berre behov for eit samtykke frå styret i samvirkeføretaket ved overføring av medlemskapen til ny kommune eller fylkeskommune.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

For fylkeskommunen som medlemsverksemd:

Verksemda skal finansierast med offentlege tilskot opplæringskontoret får per lærling eller lærekandidat. Dette tilskotet skal brukast til å finansiere utgiftene kontoret og medlemsverksemdene har med å ha lærlingar eller lærekandidatar. Når læreverksemdene har gått saman om eit opplæringskontor, legg opplæringslova opp til at tilskota skal utbetalast direkte til opplæringskontoret og ikkje til den enkelte læreverksemda.

Vidare betalar medlemsverksemdene ein årleg medlemskontingent. Det er lagt opp til ei vidareføring av medlemsverksemdene sine økonomiske bidrag til opplæringskontoret. Årsmøtet (tilsvarende generalforsamlinga i eit aksjeselskap) vil ha mynde til å auke medlemsavgifta med vanleg fleirtal.

Storleiken på beløpet som skal fordelast til medlemsverksemdene er avhengig av kor mange lærlingar eller lærekandidatar verksemdene har og kor stor del av tilskotet som skal gå til å finansiere opplæringskontoret sine utgifter.

Ved ei eventuell oppløysing av føretaket skal attverande verdiar fordelast på medlemene ut frå tal lærekontraktar og resterande tilskot førast attende til fylkeskommunen (som offentleg tilskotsmynde).

For fylkeskommunen som (tidlegare) «vertskommune» og arbeidsgjevar:

Opplæringskontorverksemda skal halde fram med å vere sjølvfinansierande, og fylkeskommunen skal betale medlemsavgift som før. Opplæringskontoret utgjør i dag ei sjølvstendig økonomisk eining i fylkeskommunen. Utskiljinga av verksemda skal derfor i utgangspunktet ikkje få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. OKOS sine opparbeidde verdiar og aktiva skal overførast til det nye samvirkeføretaket.

Per i dag er det tilsett 1,8 faste årsverk i OKOS. Dersom desse følgjer med over til det nye samvirkeføretaket, vil dette ta over arbeidsgjevaransvaret for desse, og dei vil verte løna direkte frå samvirkeføretaket. Sjå meir om dette under punktet om personalpolitiske konsekvensar under.

Rettslege konsekvensar

Ei utskiljing av opplæringskontorverksemda vil medføre at fylkeskommunen ikkje lenger har det overordna organisatoriske ansvaret for kontoret, men har ansvar for opplæringskontoret på lik linje med dei andre medlemsverksemdene i samvirkeføretaket.

Samvirkeføretaket vil ha til formål å fremje medlemene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av tenester frå føretaket. Økonomiske interesser skal her tolkast vidt, og er først og fremst meint som ei avgrensing mot reine ideelle interesser.

Medlemene i eit samvirkeføretak heftar ikkje for samvirkeføretaket sine eventuelle forplikningar overfor kreditorar.

Samvirkeføretaket vert stifta, og medlemskap teikna, ved at stiftarane skriv under på eit stiftingsdokument for føretaket. Vedtektene skal vere ein del av stiftingsdokumentet. Vedtektene vil innehalde vilkår for kven som kan verte medlem av samvirket.

Personalpolitiske konsekvensar

Som påpeika er det 1,8 faste årsverk i OKOS. Reglane i arbeidsmiljølova om verksemds-overdraging kjem til nytte, sidan OKOS i dag er ei eiga økonomisk eining i fylkeskommunen og vil

behalde sin identitet etter ei eventuell omorganisering til samvirkeføretak, jf. arbeidsmiljølova § 16-1 (1).

Ved verksemdsoverdraging har dei tilsette rett til tilsetjing hjå ny arbeidsgjevar, og tidlegare arbeidsgjevar sine rettar og plikter vert overførte til ny arbeidsgjevar. Om ny arbeidsgjevar ikkje vidarefører tidlegare arbeidsgjevar sin tariffavtale, vil dei tilsette likevel ha rett til å behalde individuelle arbeidsvilkår som følgjer av tariffavtalen (så lenge den opphavlege avtalen gjeld eller til det vert inngått ein ny). Det same gjeld for dei tilsette sin rett til vidare opptening av alders-, etterlatne- og uførepensjon etter kollektiv tenestepensjon, så langt det er mogleg. Dersom ikkje, skal ny arbeidsgjevar sørge for at dei overførte arbeidstakarane sikrast rett til vidare opptening etter ei anna kollektiv pensjonsordning.

Dei tilsette har reservasjonsrett, dvs. at dei kan motsetje seg at arbeidsforholdet vert overført til ny arbeidsgivar, jf. arbeidsmiljølova § 16-3. Konsekvensen er normalt at arbeidsforholdet opphøyrer på overdragingstidspunktet utan oppseiingstid. Unntaksvis vil dei tilsette etter ulovfesta reglar ha rett til å halde fram hjå tidlegare arbeidsgjevar (valrett). Vilkåret er at overføringa til ny arbeidsgjevar fører til «ikkje uvesentlege negative endringar» i arbeidstakaren sin arbeidssituasjon. Kva for negative endringar som kan gje valrett, må vurderast konkret ut frå fleire ulike forhold, som t.d. innhaldet av arbeidet og reiseavstand til arbeidsplassen.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen syner til at både praktiske og formelle omstende gjer det naudsynt med ei omorganisering av OKOS. Samvirkeføretak er, etter ei grundig vurdering og med tilslutnad frå dagens medlemar, vurdert som den mest føremålstenlege organisasjonsforma for OKOS. Fylkesrådmannen tilrår derfor ei omorganisering av dagens OKOS til samvirkeføretak, og at fylkeskommunen vidarefører sin bruk av opplæringskontoret ved å stifte medlemskap i OKOS.